

# Eksamen

20.11.2020

HHO2003 Hest og hestehald / Hest og hestehold

**Programområde:** Heste- og hovslagerfag

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, med unntak av ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>Når du løyser oppgåvene, må du beskrive og grunngi vala dine. Kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen viser du ved å</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• presentere og bruke fagstoff og å grunngi synspunkta dine og forslag til løysingar på oppgåva</li><li>• trekke inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva</li><li>• gjere greie for resultatet/konsekvenane av dei faglege vala dine</li><li>• meistre relevante grunnleggande ferdigheiter</li><li>• bruke eksempel der det er relevant</li><li>• bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein formålstenleg og etterretteleg måte</li></ul>

## Oppgave 1

Du er lærling på ein stall med 10 hestar. Du har fått spesielt ansvar for stell og trening av den 20 år gamle dølahesten Bruna. Bruna veg 600 kg, og ho er innkøyrd og innridd (nivå LB).

Bruna har akkurat komme heim frå sommarbeite. I desember skal du og Bruna ha køyreoppdrag der de skal køyre familiar på juletrehenting.

- a) Når hesten kjem frå beite, vil du ta ein grundig helsesjekk av henne og gjere periodiske førebyggjande helsetiltak. Lag ein plan for kva som må gjerast før du begynner å trene henne.
- b) Lag ein plan for trening dei første to månedane etter beite, slik at Bruna er i stand til å gjere køyreoppdrag i desember. Grunngi val av treningsformer og treningsintensitet.
- c) Bruna har tidlegare hatt krysslamming. Kva for nokre tiltak gjer du for å unngå at dette skal gjenta seg? Korleis oppdagar du det om dette skulle skje igjen, og kva gjer du i så fall?
- d) Kan du ut frå rasen hennar seie noko om kvifor Bruna er godt eigna som køyrehest?

## Oppgave 2

Vi har komme til desember. Du førebur deg på å køyre familiar på juletrehenting. Noko av ruta til juletreskogen går på trafikkert veg.

- a) Forklar korleis du vil vareta tryggleiken til deg sjølv, hesten og kundane under køyreoppdraga.
- b) Gjer greie for kva for nokre reglar som gjeld for køyring med hest på trafikkert veg.
- c) Du trivst godt med å køyre kundar og kan på sikt tenke deg å starte ei eiga bedrift der du baserer deg på å gi eit tilbod innan hest og turisme. Forklar korleis du vil gå fram for å starte opp ei eiga bedrift.

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal du alltid oppgi dem på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>Når du løser oppgavene, må du beskrive og begrunne valgene dine. Du viser kompetansen din i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen ved å</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• presentere og bruke fagstoff og begrunne dine synspunkter og forslag til løsninger på oppgaven</li><li>• trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for problemstillingene i oppgaven</li><li>• gjøre rede for resultatet/konsekvensene av de faglige valgene dine</li><li>• mestre relevante grunnleggende ferdigheter</li><li>• bruke eksempler der det er relevant</li><li>• bruke fagterminologi, hjelpemidler og vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte</li></ul>

## Oppgave 1

Du er lærling på en stall med 10 hester. Du har fått spesielt ansvar for stell og trening av den 20 år gamle dølahesten Bruna. Bruna veier 600 kg, og hun er innkjørt og innridd (nivå LB).

Bruna har akkurat kommet hjem fra sommerbeite. I desember skal du og Bruna ha kjøreoppdrag hvor dere skal kjøre familier på juletrehenting.

- a) Når hesten kommer fra beite, vil du ta en grundig helsesjekk av henne og gjøre periodiske forebyggende helsetiltak. Lag en plan for hva som må gjøres før du begynner å trene henne.
- b) Lag en plan for trening de første to månedene etter beite, slik at Bruna er i stand til å gjøre kjøreoppdrag i desember. Begrunn valg av treningsformer og treningsintensitet.
- c) Bruna har tidligere hatt krysslammelse. Hvilke tiltak gjør du for å unngå at dette skal gjenta seg? Hvordan oppdager du det om dette skulle skje igjen, og hva gjør du i så fall?
- d) Kan du ut fra rasen hennes si noe om hvorfor Bruna er godt egnet som kjørehest?

## Oppgave 2

Vi har kommet til desember. Du forbereder deg på å kjøre familier på juletrehenting. Noe av ruta til juletreskogen går på trafikkert vei.

- a) Forklar hvordan du vil ivareta din egen, hestens og kundenes sikkerhet under kjøreoppdragene.
- b) Gjør rede for hvilke regler som gjelder for kjøring med hest på trafikkert vei.
- c) Du trives godt med å kjøre kunder og kan på sikt tenke deg å starte en egen bedrift der du baserer deg på å gi et tilbud innen hest og turisme. Forklar hvordan du vil gå fram for å starte opp en egen bedrift.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)